

Inntaksreglement

Inntaksreglementet er revidert og godkjent på styremøte 8.januar 2025.

Inntak av elevar til Skodvin Montessoriskule skal skje i samsvar med privatskulelova §3-1 og inntaksreglement fastsett av styret.

Elevinntak

Skulen er open for alle som følger vilkåra for inntak i offentlege skular, og har heile landet som inntaksområde.

Skulen skal ta inn elevar i forhold til skulen sin kapasitet. Dersom skulen har mindre kapasitet enn det den er godkjent for, skal dette fastsetjast av styret før inntaksprosessen startar.

Dersom søkinga er større enn kapasiteten til skulen skal søkjarane prioriterast som fylgjer:

1. Barn frå tidlegare Skodvin skulekrins: Området frå Nesfossen og Leivestad, til Vågseidet.
2. Barn av tilsette og styremedlemar
3. Barn med sysken på skulen
4. Me ønskjer ei jamn fordeling av kjønn på dei ulike trinna
5. Barn av foreldre som har deltatt på informasjonskurs om montessoripedagogikk
6. Barn frå andre stader i kommunen
7. Barn frå tilstøytane kommunar

Dersom det vert konkurranse om plassane mellom barn innad i ein kategori, eller mellom barn som ikkje høyrer til kategoriane nevnt i punkt 1-6, skal det gjennomførast loddtrekning.

Kunngjering av inntak

Søknadsfrist er 5. januar kvart år. Annonsert hovudinntak av elevar til neste skuleår skal skje gjennom media og på skulen si heimeside i god tid før søknadsfristen.

Søknader som kjem etter fristen

Søknadar som er sendt etter fristen vil bli handsama fortløpande dersom det er ledige plassar.

Ved ledig kapasitet tek skulen inn nye elevar fram til 1.august. Dersom skulen fortsatt har ledig kapasitet etter 1. august, kan styret gjere unntak frå dette dersom:

1. Barnet er nyinnflytte til Alver kommune eller
2. Barnet kjem frå ein annan montessoriskule

Venteliste

Søkjarar som ikkje får tildelt plass ved hovudinntaket grunna kapasitet, kan velje å stå på venteliste i tilfelle det blir ledig plass i løpet av skuleåret. Ventelista gjeld ut skuleåret.

Melding om avgjerd

Når inntaket er gjort får føresette skriftleg svar seinast 4 veker etter søknadsfristen. Ved positivt svar må føresette bekrefte skriftleg innan 2 veker at eleven vil nytte plassen. Ein elev som har fått plass ved skulen har rett til å fullføre opplæringa si ved skulen så langt skulen er godkjend. Avgjerd om inntak er enkeltvedtak, jamf. forvaltningslova §2. Fylkesmannen er klageinstans.

Melding om inntak skal sendast til skuleadministrasjonen i eleven si heimkommune snarast etter at føresette har bekrefte at plassen vert nytta.

Endring av inntaksreglementet

Dette inntaksreglementet kan endrast av styret innanfor ramma av gjeldande reglar i privatskulelova § 3-1 og skulen sine vedtekter. Inntaksreglementet kan ikkje endrast medan inntaket pågår.